

Marihøne

Les og svar på spørsmålene



I Noreg finst det over 50 artar marihøner. Dei er rauda og har prikkar på skalet. Dei fleste marihøner er rovdyr. Dei et bladlus. Nokon trur at marihøner bringer lukke.

1. Kva et marihøner?



Nokre av artane som lever i Noreg er toprikka marihøne, femprikka marihøne, sjuprikka marihøne og fjortenprikka marihøne. Før trudde mange at marihøner var like gamle som det talet prikkar dei har, men det er ikkje sant.

2. Kor mange ulike artar av marihøne finst det i Noreg?
3. Kan du namnet på ein marihøneart?



Snigel

Les og svar på spørsmålene



I Noreg finst det over 500 artar sniglar. Nokre bur på land og nokre bur i vatn.



Mange snigler har skal. Skalet beskyttar sniglane mot rovdyr.

1. Kvifor har sniglar skal?

Dei fleste sniglar legg egg. Sniglane får skalet sitt når dei ligg inne i egget. Skalet veks saman med sniglen, og blir større og større når sniglen veks.



De fleste snigleartane lever i saltvatn. Det finst også sniglar utan skal.

2. Fleip eller fakta: Sniglar legg egg?
3. Fleip eller fakta: Det finst sniglar utan skal?
4. Fleip eller fakta: Dei fleste snigleartar lever i saltvatn?

Bie

Les og svar på spørsmålene



I Noreg finst det omlag 180 arter av bier. Arten honningbie lagar honning. Ho finst over heile verda. Bier kan stikke. Det er vondt, men vanlegvis ikkje farleg.

1. Gruble: Bier kan vere nyttige for menneske. Kvifor det?



Bier flyr rundt for å samle pollen frå blomar. Nokre artar har favorittblomar dei samlar pollen frå.

Bier snakkar saman med å gjere danse-rørsler. Dei kan fortelje kor dei skal og kor langt dei skal flyge når dei dansar for andre bier.

2. Kva samlar bier fra blomane?
3. Korleis kan bier snakke saman?



Sommerfuglar

Les og svar på spørsmålene



I Noreg finst det over 2000 artar sommarfuglar. Sommarfuglar startar livet sitt som larve. Etter dei er larve, blir dei til puppe. Til slutt får dei vengjer og blir vaksne sommarfuglar.

1. Fleip eller fakta: Sommarfuglar blir fødd med vengjer?



Det finst både dagsommarfuglar og nattsommarfuglar. Det finst sommarfuglar som er 2 cm store og nokre som er 30 cm store. I hele verda finst det over 150 000 ulike artar sommarfuglar.

2. Kor mange sommarfugl-artar finst det i Noreg?



Maur

Les og svar på spørsmålene



Maur er insekt med seks bein. Mauren sitt hus vert kalla tue. I tua bur ei dronning som legg egg. Skogmaur kan byggje tuer der det bur ein million maur. I Noreg finst det over 60 ulike artar maur.

1. Kor mange bein har ein maur?
2. Kva heiter huset til mauren?



I maurtua har maurane ulike oppgåver. Nokre er byggjarar, og nokre passar på larvene. Nokre maur kan til og med vere soldatar, dyrke sopp eller halde bladlus som husdyr. Ein maur kan bere 50 gonger si eiga vekt. Tenk om du kunne løfte 50 barn på ein gong!

3. Kor mange maur-artar finst det i Noreg?
4. Kva kalles mauren som føder egg?



Humle

Les og svar på spørsmålene



Humler er små insekt som har vengjer og mange små hår på kroppen. Når humler flyg frå blome til blome, tar dei med seg pollen. Det er veldig viktig for blomar. Humla sitt hus heiter bol. Humler kan stikke fleire gonger. Det er vondt, men ikkje farleg.

1. Kva heiter humla sitt hus?



Om vinteren ligg humler i dvale, og dei vaknar ikkje før tidligast i mars. Ei humledronning lagar bol i gamle muse-hi eller fuglekassar. Der legg ho egg som blir til nye arbeidaranar, som kan jobbe heile sommaren.

2. Kva gjer humler om vinteren?
3. Kor kan humler lage bol?



Fluge

Les og svar på spørsmålene



Det finst mange artar fluger, for eksempel husfluger, bananfluger og spyfluger. Nokre artar er rovdyr som et andre insekt, og nokre artar er plante-etater.

Nokre fluger kan spreie sjukdommar når dei landar på maten til menneske.

Fluger legg egg som blir til larver.

1. Sei namnet på to fluge-artar.
2. Fleip eller fakta: Alle fluger er rovdyr?

